




Fjord  
kommune

# Planstrategi

2024 – 2027



## Gode vekstvilkår

*Livskraftig, skapande, nær ,raus og berekraftig*

## Samandrag

I følge plan- og bygningslova § 10-1 første ledd skal kommunestyret utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi i løpet av det første året etter konstituering.

Planstrategien legg opp til at kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 – 2033 skal gjelde som overordna styringsdokument i perioden 2024 – 2027, ev med mindre justeringar.

Planstrategien legg opp til at kommuneplanen sin arealdel skal slåast saman frå tidlegare Stordal og Norddal kommunar, og reviderast i kommunestyreperioden. Arbeidet er no i gang.

I kommunestyreperioden vil det bli lagt vekt på å legge til rette arbeidet med den årlege budsjett- og økonomibehandlinga slik at det bidreg til måloppnåing av mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunen har avgrensa kapasitet til å drive omfattande planarbeid, og dette må tilpassast forventning til gjennomføringsevne i denne perioden.

## Utviklingstrekk for Fjord kommune

Kunnskapsgrunnlaget til planstrategien består av eige dokument med utviklingstrekk, samt kunnskapsgrunnlaget som er knytt til samfunnsdelen.

Folkehelseoversikten er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget, og det må i planarbeidet fastsettast mål og strategiar som er eigna til å møte utfordringane kommunen står overfor.

Å utvikle [eit aldersvenleg lokalsamfunn](#) er avgjerande med tanke på demografiutfordringane.

## Føringar

### Regionale føringar

Møre og Romsdal fylke har utarbeidd [regional planstrategi 2025 – 2028 i tillegg til kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028](#). Det er kunnskapsgrunnlag både for regional og kommunal planlegging.

### Nasjonale føringar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram [nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga \(2023- 2027\)](#). Hovudkapitla er delt inn etter fem overordna perspektiv:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Planlegging vert trekt fram som eit av dei viktigaste verktøya for å løyse utfordringane. I den forbindelse har regjeringa bestemt at [FN sine 17 berekraftsmål](#) skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Samfunnsdelen til Fjord har fokus på dei tre berekraftdimensjonane, og spesiell fokus på berekraftsmål 3 (god helse) og 17 (samarbeid for å nå måla). Måla i samfunnsdelen må følgjast opp både i arealplanarbeidet og i økonomiplanlegginga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i sitt [Forventningsbrev 2024 – nasjonale forventningar til kommunane, FORSTÅ DI TID!](#) laga ei oversikt over dei viktigaste satsingsområda i kommunal planlegging:

- Berekraftig kommunal planlegging
- Kommuneøkonomi
- Barn og unge
- Gode helse- og omsorgstenester
- Ei trygg og framtidretta samfunnsutvikling og arealbruk
- Berekraftig landbruksforvaltning
- Samfunnstryggleik og beredskap

**Utfordringsbiletet er prega av:**


- Klimaendring og tap av natur
- Krig i Europa
- Fattigdom og utanforskap
- Flyktingar og integrering
- Strammare kommuneøkonomi
- Ei eldre befolkning
- Mangel på folk og kompetanse
- Kunstig intelligens (KI) – utfordring og moglegheit

## Plansystemet

Figuren nedanfor viser plansystemet i Fjord kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er førande for alt anna planarbeid i kommunen, og dermed for politikk og tenesteutforming. Kvart fjerde år tek kommunestyret stilling til om det er behov for endringar i kommuneplanen sin samfunnsdel.

For å følgje opp målsettingar i kommuneplanen utarbeider einingane tema- og verksemdsplanar. Dette er eit kontinuerleg arbeid. Det same gjeld reguleringsplanar. Planane skal følgje opp og vise korleis dei skal bidra til å nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Budsjett- og økonomiplanarbeidet vert gjort kvart år. Denne kommunestyreperioden vil det rettast mykje innsats mot å lage eit system som bidreg til at samfunnsdelen blir følgd opp. Dette systemet vil fungere som kommuneplanen sin handlingsdel.



## Planstrategi 2024 – 2027


### Gjeldande kommuneplan

Samfunnsdelen vart utforma gjennom eit godt samarbeid mellom innbyggjarar, politisk og administrativt nivå i kommunen. Det vart lagt stor vekt på involvering gjennom heile prosessen. Dette gjorde at ein fekk ein samfunnsdel som er basert på eit godt fundament. Det blir viktig i det vidare arbeidet å løyse utfordringar i samfunnet ved å legge opp til samarbeid mellom ulike aktørar i lokalsamfunnet.

Samfunnsdelen har eit overordna preg, og er eit dokument som heile kommunestyret stod bak i førre periode. Kunnskapsgrunnlaget til planstrategien viser at utfordringane og fortrinna er stort sett like no som då samfunnsdelen vart utarbeidd.

Det blir ikkje lagt opp til vesentlege endringar av samfunnsdelen i denne perioden, men det kan gjerast mindre tilpassingar om kommunestyret kjem fram til det.

Arbeidet med å få utarbeidd Fjord kommune sin første arealplan er i gang. Prosjektgruppa arbeider med samling av kunnskapsgrunnlag, igangsetjing av utgreiingar og dialog med statlege og regionale myndigheiter, i tillegg til behandling av innspel som kom til varsel om oppstart



[KS-FOU Kommuneplanens samfunnsdel som lokalpolitisk styringsverktøy](#)

### Arealstrategi

Ein legg opp til at det blir utarbeidd ein arealstrategi som peikar på langsiktige og overordna prinsipp for arealbruken i kommunen. Denne skal koplust saman med arealplanprosessen når den er vedteken.

## Planstatus

### **Arealplan**

Arbeidet med å få utarbeidd Fjord kommune sin første arealplan er i gang. Prosjektgruppa arbeider med samling av kunnskapsgrunnlag, igangsetjing av utgreiingar og dialog med statlege og regionale myndigheiter, i tillegg til behandling av innspel som kom til varsel om oppstart. Det er lagt opp til ein omfattande prosess med brei involvering.

Arealdelen er juridisk bindande, og skal styre den langsiktige arealutviklinga. For å kunne gjere prioriteringar i arbeidet er ein avhengig av arealstrategien og/eller politiske føringar. Ein vil starte konsekvensutgreiingsarbeidet i løpet av desember, og halde fram med planproduksjonen over jul. Planforslag vil vere klart til 1. gongs behandling tidleg vår 2025.

### **Klima-, energi-, og miljøplan**

Det vert i 2020 arbeidd med rullering av [Energi- og klimaplan](#), og denne vil vere gjeldande gjennom heile planperioden. Det kan vere aktuelt med mindre tilpassingar.

### **Bustadsosial handlingsplan 2023-2032**

[Bustadsosial handlingsplan](#) vart vedteken i 2023, og må sjåast i samanheng med plan for helse, omsorg og velferd som skal utarbeidast.

### **Trafikktryggingsplan**

Trafikktryggingsplanen var bestemt rullert i 2017 då det skjer for mange ulykker og nesten-ulykker i kommunen. Ein oppdatert trafikktryggingsplan er også viktig for å kunne søkje stønad til investeringar i trafikktryggingstiltak. Planen er enno ikkje på plass, og planarbeidet bør få prioritet.

### **Plan for vatn, avløp og handtering av overflatevatn**

Det er stort behov for å få på plass planar for vatn, avløp og overvatn, noko som også er påpeike i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. Dette er eit omfattande arbeid, og ein må rekne med kjøp av konsulenttenester. Planane skal legge til rette for at innbyggjarar og næringsliv blir sikra nok drikkevatt av tilfredsstillande kvalitet, og ei forsvarleg handtering av avløpsvatn. Det offentlege avløpsnettet har avgrensa kapasitet, og med endra klima og auka nedbørmengder må det settast krav til fordrøying/infiltrasjonssoner mv. Det er tenkt handtert som tre separate prosessar, ein for vatn, ein for avløp og ein for handtering av overflatevatn. Det er eit mål å samle dette i eit felles plandokument, men det er nødvendig å gjere planarbeidet temavis.

### **Strategisk næringsplan (2021)**

Strategisk næringsplan vart utarbeidd gjennom ein grundig prosess, og skal ikkje gjennom stor revidering. Det kan vere behov for mindre tilpassingar.

**Kulturplan** Tidlegare Norddal kommune har hatt ein kulturplan, og det er utarbeidd utkast til ny kulturplan for Fjord kommune. Det vart i k.sak 52/24 gjort vedtak om å utsette saka der ein bad om forslag til ny planprosess for kulturplan.

### **Kulturmiljøplan 2021-2030**

Fjord kommune vedtok i 2021 sin første kulturmiljøplan. Her er ein handlingsdel som skal årleg reviderast av ei arbeidsgruppe. Planen skal ikkje reviderast i denne planperioden.

### **Førebyggjande oppvekstplan 2024-2033**

Dette blir ein ny plan for Fjord kommune, som skal beskrive heilskaplege og samordna strategiar for å sikre trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge.

### **Økonomiplan**

Denne planen bør brukast meir aktivt enn i dag. Samfunnsdelen sin handlingsdel skal vere ein del av dokumentet. Med dei utfordringane som står framfor Fjord kommune er ein heilt avhengig av å økonomisk handlekraft. Om ein hamnar på ROBEM lista vil investeringsbudsjettet krevje godkjenning frå Statsforvaltaren. Målsettingane for økonomisk berekraft må vektleggast i større grad for å skaffe seg naudsynt handlingsrom.

### **Beredskap**

Fjord kommune vedtok heilskapleg ROS-analyse i mai 2020, denne bør reviderast i gjeldande planperiode. Det skal lagast sak med informasjon om beredskapsarbeidet i gjeldande kommunestyreperiode. Beredskapsplanverk og ressurslister blir årleg oppdatert. Det må settast fokus på beredskap i ei uroleg tid, og planverk for smittevern/pandemi må haldast oppdatert.

### **Plan for helse og velferd - Levekårsplan**

Fjord står overfor krevjande utfordringar i helse-, omsorgs- og velferdstenestene i åra som kjem. Fleire eldre, endringar i sjukdomsmønster, nye oppgåver og behandlingsformer, nye brukar- og pasientroller stiller store krav til kompetanse og ei berekraftig utvikling.

Fjord vil utarbeide ein heilskapleg Levekårsplan der ein slår saman ei rekkje planar med tilhøyrande tematiske strategiar: Ruspolitisk handlingsplan, alkoholpolitiske retningslinjer, habilitering/rehabilitering, førebyggjande arbeid med sikte på god psykisk helse og ein kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene, friluftslivets ferdselsårer og trafikktryggingsplan.

## Planarbeid i perioden

Alle planar og reglement som er vedtekne politisk ligg på [Fjord kommune sine heimesider](#).  
Reguleringsplanar ligg i planregisteret.

Plan	Sist vedtatt	Prosess	Ferdigstillast
<b>Kommuneplan</b>			
Samfunnsdelen	2021	Ev mindre tilpassingar, ikkje stor revidering	2024
Arealplan		Utarbeiding av ny arealplan	2026
<b>Kommunedelplanar</b>			
Interkommunal plan for sjøareal		Vore ute på 1. gongs høyring. Vidare prosess fram mot vedtak	2025
<b>Temaplanar</b>			
Ruspolitisk handlingsplan	2021	Del av levekårsplan	2026
Alkoholpolitiske retningslinjer	2020	Skal reviderast og integrerast med Ruspolitisk handlingsplan	2024
Overordna beredskapsplan	2020	Årleg revidering, k.sak 4. kvart år	2024
Plan for helse og velferd		Under oppstart	2025
Målsetting og strategiar SMIL, drenering og beiteområde	2020	Reviderast	2024
Strategisk næringsplan	2021	Ev mindre tilpassingar	2025
Oppvekstplan	2024	Vedtatt juni 2024	2024
Kulturplan		Under arbeid	2024
Plan for friluftslivets ferdelsårer		Del av levekårsplan	2026
Trafikktryggingssplan		Del av levekårsplan	2026
Plan for vassforsyning		Skal utarbeidast	2025
Plan forhandtering av overflatevatn		Skal utarbeidast	2027
Plan for avløp		Skal utarbeidast	2026
Handlingsprogram		Årleg vedtak – del av økonomiplan	
Bustadsosial handlingsplan	2023	Skal ikkje reviderast (2021 – 2032)	
Energi- og klimaplan	2022	Skal ikkje reviderast (2021 – 2030)	
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar Sunnmøre	2021	Skal ikkje reviderast (2021 – 2025)	
Kulturmiljøplan	2022	Skal ikkje reviderast (2021 – 2030)	